

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner Norled sin førespurnad om oppstart av produksjon for Turistrute Hardanger frå og med 21. juni, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. Fylkesutvalet godkjenner ikkje Norled sitt ønske om å avslutte ruta 8. august, men ber dei om å marknadsføre opningstid for ruta til og med 29. august. Det vil likevel vera mogleg for Norled å avslutte produksjonen ved skulestart (16.08.2021), dersom det ikkje er grunnlag for vidare drift. Dette må varslast minimum 2 veker på førehand. Fylkesutvalet godkjenner at ruta vert drifta av fartøy med 112 pax, men Norled lyt setje inn båt tilsvarande kontraktskravet på 180 pax, dersom passasjermengd tilseier eit slikt behov.
2. Fylkesutvalet godkjenner Norled sin førespurnad om oppstart av produksjon av ruta Bergen-Flåm frå og med 21. juni, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. Fylkesutvalet godkjenner ikkje Norled sitt ønske om å avslutte ruta 8. august, men ber dei om å marknadsføre opningstid for ruta til og med 29. august. Det vil likevel vera mogleg for Norled å avslutte produksjonen ved skulestart (16.08.2021), dersom det ikkje er grunnlag for vidare drift. Dette må varslast minimum 2 veker på førehand.
3. Vederlaget til Norled skal reduserast med utgangspunkt i bortfall av budsjetterte variable kostnadar i kontrakt.